



Trass i halvblauitt ver hadde det lukkast Kåre Vetrhus (biletet over) å tromma saman 8 til den årlege dugnaden på Stemneplassen i kveld.

Difor er det ein god dugnad og plassen vil presentera seg i skikkeleg stand når det blir sett punktum for årets store nasjonaldagfeiring på måndag.

Det blir gjort ein ihuga jobb både innvendig og utvendig, med vasking, spyling, klypping og raking. Og hvis veret blir fint på den største av alle festdagar også i år vil nok konklusjonen bli: Sanneleg har vi ein fin festplass i Uskedalen!

(Foto: Ola Matti Mathisen).

